

DIGI-LINGO (Erasmus+)

- eit prosjekt for å styrke framandspråkopplæringa

Prosjektet

Digi-Lingo er eit Erasmus+ prosjekt beståande av fem forskjellige partnerar frå Danmark, Spania, Belgia, EU og Norge: Central Denmark Region, Kristau Eskola, Het Gemeenschapsonderwijs (GO!), European Schoolnet og Vestland fylkeskommune. Vårt mål er å utvikle og støtte nye og innovative arbeidsmåtar og verktøy for opplæring i framandspråk gjennom ein demokratisk, open og tverrkulturell prosess. Ikkje minst arbeider vi for å utvide digital medvit i språkopplæringsprosessen (inkludert kunstig intelligens), og gjennom dette håper vi å forbetre den europeiske ungdommen sin dugleik i framandspråk.

Retningslinjer og strategiar

Retningslinjene for digital språkopplæring/ undervisning og virtuell elevutveksling frå DIGI-LINGO-prosjektet gir omfattande strategiar for å integrere digitale verktøy i språkopplæring. Desse retningslinjene er utforma for å hjelpe lærarar i vidaregåande opplæring med å optimalisere undervisningspraksis ved bruk av digital teknologi.

Viktige moment inkluderer:

- **Tilpassing av tradisjonelle metodar:** Vektlegging av behovet for å tilpasse tradisjonelle undervisningsmetodar til det digitale miljøet for å halde elevane motiverte og støtta.
- **Interaktive plattformer:** Oppmuntring til bruk av interaktive plattformer og digitale ressursar for språktrening.
- **Elevengasjement:** Strategiar for å fremje elevengasjement, dugleikar og kompetansar gjennom teknologi.
- **Profesjonell utvikling:** Framheving av verdien av profesjonell utvikling for lærarar for effektiv bruk av digitale verktøy.
- **Inkluderande læring:** Framheving av demokratiske og inkluderende læringsmiljø.

Retningslinjene er basert på vitenskapeleg litteratur og tilbakemeldinger frå lærarar og elevar, med mål om å gjere digital språkopplæring meir effektiv og engasjerande.

Har du lyst til å lese meir om retningslinjene prosjektet har utvikla kan du gjere det her (eng): [DIGI-LINGO: Guidelines for digital foreign language learning and teaching and virtual pupils' exchange](#)

MOOC

Du kan også delta på ein MOOC eller «self study module» som prosjektet har utvikla. Dette sjølvstudiet er tilpassa lærarar som ønskjer opplæring i å organisere nettbasert samarbeid innan framandspråk. Gjennom denne modulen vil du ikkje berre få innsikt i effektive strategiar for å drive opplæring ved hjelp av digitale verktøy, men også oppdage måtar å identifisere og knyte kontakt med likesinna lærarar som delar interesse for denne type språkopplæring.

MOOCen ligg på European Schoolnet sine websider (eng): [Enroll in MOOC: Setting up Virtual Exchanges for Language Training](#)



Funded by
the European Union